



# Prinsipprogram for Pedagogstudentane

2021–2024

Pedagogstudentane i Utdanningsforbundet er ein profesjonsorganisasjon for studentar som tek studium som kvalifiserer til å arbeide som pedagogisk personell i det norske utdanningssystemet.

Pedagogstudentane i Utdanningsforbundet er ein eigen organisasjon for studentmedlemmene i Utdanningsforbundet og utformar sin eigen politikk i tråd med grunnleggjande verdiar i Utdanningsforbundet.

Pedagogstudentane er ein partipolitisk uavhengig organisasjon som varetak og fremjar dei profesjonsfaglege interessene og studentrettane til medlemmene. Organisasjonen arbeider for kvalitet i lærar- og pedagogutdanningane for at studentane skal bli rusta til å verke i og utvikle lærarprofesjonen.

Prinsipprogrammet er det øvste styrande politiske dokumentet til organisasjonen.



# Styringsdokument

## Prinsipprogram 2021–2024

Vedteke: Landsmøtet 2021

### Innhold

<b>Verdigrunnlaget vårt .....</b>	<b>4</b>
Fellesskap, tryggleik og demokrati .....	4
Ein felles profesjon .....	4
Mangfold og inkludering.....	5
<b>Prinsippa våre .....</b>	<b>5</b>
Med ansvar for barn og elevar .....	5
Profesjonsnære utdanningar .....	5
Utdanning for alle .....	5
Gode rammevilkår og studentmedverknad.....	6
Eit blikk for framtida .....	6
<b>Politikken vår .....</b>	<b>7</b>
1. Rammer for utdanningane våre .....	7
1.1 Lærarutdanninger på masternivå.....	7
1.2 Kvalitet og finansiering.....	8
1.3 Skikkaheit .....	8
1.4 Internasjonalisering og studentmobilitet.....	9
1.5 Vurderingsformer .....	9
2. Utdanningane våre .....	9
2.1 Barnehagelærarutdanninga .....	9
2.2 Grunnskulelærarutdanninga 1.–7. trinn.....	10
2.3 Grunnskulelærarutdanninga 5.–10. trinn.....	11
2.4 Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 .....	11
2.5 Lektorutdanning 8.–13. trinn .....	12
2.6 Yrkesfaglærarutdanning .....	12
2.7 Praktisk-pedagogisk utdanning for allmennfag (PPU-A) .....	13
2.8 Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y) .....	13
2.9 Pedagogikk .....	14
2.10 Spesialpedagogikk .....	14
3. Innhaldet i utdanningane våre .....	14
3.1 Mangfold og inkludering .....	14
3.2 Berekraft .....	15
3.3 Profesjonsfagleg digital kompetanse .....	15
4. Praksis.....	16
4.1 Rettar i praksis.....	16
4.2 Omfang av praksis .....	17



# Styringsdokument

## Prinsipprogram 2021–2024

Vedteke: Landsmøtet 2021

5. Opptak og rekruttering .....	17
6. Utdannarane våre .....	18
7. Rettane våre som studentar .....	19
8. Profesjonsutvikling og overgang frå utdanning til profesjon .....	19
8.1. Rettleiing for nyutdanna lærarar.....	20



# Styringsdokument

## Prinsipprogram 2021–2024

Vedteke: Landsmøtet 2021

# Verdigrunnlaget vårt

## Fellesskap, tryggleik og demokrati

Lærarutdanningane skal vere baserte på demokrati og vere til det beste for fellesskapet. Utdanningane våre må utviklast til det beste for barn og elevar i framtida. Denne utviklinga må skje gjennom demokratiske prosessar i samfunnet, med profesjonsfellesskapet og studentane sjølve som viktige stemmer.

Vi er den framtidige profesjonen av lærarar og pedagogar, men vi er òg dagens studentar. Medstudentane våre er dei framtidige kollegaene våre. Vi har eit felles ansvar for den profesjonelle og faglege utviklinga.

Vi skal hjelpe medlemmene våre å handtere dei utfordringane dei møter i studia, og verne om og vidareutvikle organisasjonsretten. Vi vil arbeide for at alle medlemmene våre skal ha gode studievilkår og ein trygg studentkvardag.

Framtidas lærarprofesjon står sterkare saman, og denne styrken kjem med å vere organisert. Den globale fagrørsla blir òg styrkt gjennom fellesskapet og solidariteten vi har med andre organisasjonar.

## Ein felles profesjon

Alle som utdannar seg til å bli lærar og pedagog i barnehage, skule eller støttesystem, blir ein del av ein felles profesjon. Å vere ein del av profesjonsfellesskapet inneber eit felles ansvar for framtida.

Det er verdifullt at det er ulike vegar til profesjonen, for det bidreg til å danne ein felles profesjon med mangfoldige perspektiv. Utdanningane skal kvalifisere til arbeid med ulike aldersgrupper, trinn, fag og fagområde. Den felles profesjonen vår må omfatte ulike former for kompetanse som varierer i breidd og djupn.

Alle profesjonsutøvarar skal ha kompetanse om relasjonen mellom menneske, omsorg og danning, og dei skal kunne fremje både leik, læring og utvikling. Pedagogikk er nøkkelen for å oppnå dette og må derfor vere kjernen i utdanningane våre.

Å vere ein del av profesjonen føreset at lærarar og pedagogar handlar etisk forsvarleg og tek ansvar for utvikling i tråd med den etiske plattforma til lærarprofesjonen.



# Styringsdokument

## Prinsipprogram 2021–2024

Vedteke: Landsmøtet 2021

### Mangfald og inkludering

Menneskeverdet er ukrenkeleg, og menneskerettane danner grunnlaget for profesjonsutøvinga vår. Vi ønskjer eit samfunn prega av openheit, tillit og respekt for mangfald. Profesjonsetikk skal vere grunnleggjande i utdanningane våre. Utdanningane våre skal ruste oss til at vi gjennom profesjonsutøvinga vår skal kunne fremje inkludering og motverke alle former for diskriminering. I tillegg til dette skal utdanningane gjere studentane i stand til å reflektere kritisk og gjere val til det beste for barn og elevar.

### Prinsippa våre

#### Med ansvar for barn og elevar

Prinsippet om barnets og elevens beste skal vere grunnleggjande i utdanningane våre, og dette er avgjerande når vi definerer kvaliteten på utdanninga. Utdanningane må utvikle og utfordre oss, slik at vi held eit høgt fagleg nivå som gjer oss i stand til å oppfylle samfunnsmandatet. Derfor er rekruttering til utdanningane våre og sjølv læraryrket særskilt viktig. Det er til det beste for barn og elevar at dei møter kvalifiserte, kompetente og motiverte lærarar og pedagogar.

#### Profesjonsnære utdanninger

Utdanningane våre skal vere profesjonsnære. Det betyr at praksis, pedagogikk og fagdidaktikk må bidra til å skape samanheng mellom teori og praksis.

Ein føresetnad for profesjonsnære utdanninger er at lærarutdannarane våre har tilknyting til lærarprofesjonen. Utdanningane må vere forskingsbaserte, og studentane må få kompetanse til å drive kritisk, profesjonsnært forskings- og utviklingsarbeid gjennom heile utdanninga.

#### Utdanning for alle

Alle kvalifiserte søkerarar skal ha like moglegheiter til å søkje seg til utdanningane våre. For å spegle mangfaldet blant barn og elevar må det finnast eit mangfold blant lærarane, og dei må rekrutterast med tanke på dette.

Utdanningane våre skal bidra til god samfunnsutvikling, og føreseielege nasjonale rammer er ein viktig faktor for å sikre likeverdige utdanningstilbod. Høgare utdanning skal vere gratis.



# Styringsdokument

## Prinsipprogram 2021–2024

Vedteke: Landsmøtet 2021

### Gode rammevilkår og studentmedverknad

Gode rammevilkår og studentmedverknad er avgjerande for kvaliteten i utdanningane våre. Studentane skal ha rett til å påverke si eiga utdanning gjennom å vere representerte i vedtakande styre, råd og utval. Utdanningsinstitusjonane skal leggje til rette for studentpolitisk engasjement.

Fellesskapet har ansvaret for å leggje til rette for god fysisk og psykisk studenthelse, mellom anna gjennom å fremje frivillig aktivitet ved sida av studia. Eit felles velferdstilbod og økonomiske støtteordningar er viktig for å skape føreseielege og trygge rammer for studentane.

### Eit blikk for framtida

Barnehagen og skulen er avgjerande for utviklinga i samfunnet, og utdanningane våre må gi oss kompetanse som kan bidra til å møte utfordringane samfunnet står overfor i dag og vil møte i framtida.

Framtidige lærarar og pedagogar må bli rusta til å møte morgondagens mangfaldige, globaliserte og digitaliserte samfunn. Utviklings- og omstillingskompetansen vår vil derfor vere avgjerande. Som framtidige profesjonsutøvarar må vi rustast til å kunne bidra til utdanning for berekraftig utvikling.



# Politikken vår

## 1. Rammer for utdanningane våre

- Som ein del av ein felles profesjon skal lærarutdanningane våre heite:
  - Lærarutdanning for barnehage
  - Lærarutdanning for trinn 1–7
  - Lærarutdanning for trinn 5–10
  - Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 5–13
  - Lærarutdanning for trinn 8–13
  - Lærarutdanning for yrkesfag
  - Praktisk pedagogisk lærarutdanning for allmennfag
  - Praktisk pedagogisk lærarutdanning for yrkesfag
  - Samisk lærarutdanning for barnehage
  - Samisk lærarutdanning for trinn 1–7
  - Samisk lærarutdanning for trinn 5–10
- Lærarutdanningane våre skal vere rammeplanstyrte med nasjonale retningslinjer som utdjupar forskrifa.
- Innhald i fag og kunnskapsområde skal ikkje rammeplanfestast.
- Statleg styring skal ikkje gå ut over akademisk fridom og ansvar i institusjonane.
- Strukturendringar i universitets- og høgskulesektoren skal ikkje gå ut over utdanningskvaliteten eller moglegheita til å ta ei lærarutdanning i heile landet.
- Forskrifter om rammeplan og nasjonale retningslinjer for dei enkelte lærarutdanningane skal leggje til rette for nasjonal og internasjonal mobilitet.
- Praksis, undervisning, eksamen og obligatoriske delar av studiet skal ikkje gå ut over kvarandre.
- Høgare utdanning skal vere dimensjonert og organisert på ein måte som speglar behovet for rekruttering av lærarar innanfor ulike fag og fagområde i heile landet.

### 1.1 Lærarutdanningar på masternivå

- Lærarutdanningar på masternivå skal gi studentane profesjonsnær forskingskompetanse.
- Gjennom lærarutdanningar på masternivå skal studentane få høve til
  - å forske på eigen profesjon
  - å gjennomføre masterprosjekt i samarbeid med praksisfeltet
  - å bidra til relevant kunnskaps- og profesjonsutvikling i barnehagen og skulen
- Masterstudentane skal ha høve til å knyte seg til forskingsmiljø.



## Prinsipprogram 2021–2024

- Lærarutdanningar på masternivå skal gi moglegheit for å gjennomføre praktiske masterprosjekt.
- Ei masteroppgåve skal minimum utgjere 30 studiepoeng.
- Det skal vere stor variasjon i fag og fagområde for masterprogram.
- Masterprogramma skal spegle samfunnets behov for ny kunnskap.

### 1.2 Kvalitet og finansiering

- Utdanningsinstitusjonane skal drive kontinuerleg kvalitetsutvikling av studia, og studentmedverknad skal sikrast i alle ledd.
- Studenttalet på eit utdanningsprogram skal til kvar tid vere forsvarleg og ikkje gå ut over kvaliteten på studiet.
- Utdanningane våre skal gjere bruk av varierte undervisningsformer.
- Kvalitet i lærarutdanningane krev finansiering som gjer det mogen å ha nødvendig utstyr, ein brei fagportefølje, rettleidd obligatorisk praksis, profesjonsnærleik og forskings- og utviklingsarbeid på høgt nivå.
- Alle lærarutdanningane skal finansierast etter kostnadskategori C eller høgare, eller tilsvarande dersom dagens finansieringssystem blir endra.
- Finansieringsordninga i høgare utdanning skal i størst mogleg grad vere basisfinansiert.
- Finansieringsordninga skal ikkje baserast på uteksamining.

### 1.3 Skikkaheit

- Alle lærarutdanningane våre skal praktisere ei grundig og gjennomgåande skikkaheitsvurdering av studentar, der alle partar i utdanninga skal delta.
- Skikkaheit skal vurderast etter *forskrift om skikkethetsvurdering i høyere utdanning*.
- Studentar, lærarutdannrarar og praktsislærarar skal sikrast kunnskap om skikkaheitsvurdering gjennom heile studieløpet.
- Det skal fokuserast på studentmedverknad og studentkrav i prosessen.
- Det skal vere mogen å levere tvilsmeldingar anonymt, så sant den skikkaheitsansvarlege kjenner identiteten til meldaren. Dersom saka går til nemnd, har ikkje meldaren lenger høve til å vere anonym.
- Utdanningsinstitusjonane skal sikre stabile og effektive rutinar for løpande og særskild skikkaheitsvurdering av studentane.
- Løpande skikkaheitsvurdering skal innehalde minst éin utviklingssamtale i kvart studieår. Samtalen skal inkludere ein faglærar med god kjennskap til studenten og erfaring frå relevant profesjon.
- Institusjonane skal kompensera for utgifter i samband med særskilde skikkaheitssaker.



## Prinsipprogram 2021–2024

- Tilskota til utdanningsinstitusjonane skal ikkje vere ein faktor i vurderinga av skikkaheit.
- Melding om manglende skikkaheit må vurderast og behandlast av institusjonen på ein verdig måte.
- Utdanningsinstitusjonane skal følgje dei same retningslinjene for skikkaheitsvurdering av studentar.

### 1.4 Internasjonalisering og studentmobilitet

- Det skal leggjast til rette for utveksling og samarbeid på internasjonalt plan.
- Utdanningsinstitusjonane skal leggje til rette for studentmobilitet innanfor gjeldande nasjonale rammer.
- Det skal leggjast til rette for nasjonalt og regionalt samarbeid og samarbeid i utdanningsinstitusjonane som sikrar gode overgangsmoglegheiter for studentane, slik at den faglege breidda blir varetaken.
- Det skal finnast reelle moglegheiter for utveksling på alle lærarutdanningane våre.
- Lærarutdanningane våre skal gi høye til kortare utvekslingsopphold på ned til éi veker og opp til fleire veker og fleire månader.
- Det skal vere klare rammer for godkjenning av opphaldet med omsyn til fagleg utbyte, og praksis skal vere rettleidd og vurdert.

### 1.5 Vurderingsformer

- All vurdering av studentane skal skje ut frå institusjonelle og nasjonale styringsdokument for utdanninga.
- All vurdering skal vere rettferdig for kvar enkelt student, uavhengig av kva andre studentar presterer.
- Eksamens- og vurderingsformene skal reflektere læringsutbytebeskrivingane for utdanninga og innhaldet i undervisninga, og dei skal vere profesjonsnære, varierte og forskingsbaserte.
- Det skal brukast både intern og ekstern sensor ved eksamen.
- Det skal vere eit nasjonalt system for ekstern sensurering ved eksamen.

## 2. Utdanningane våre

### 2.1. Barnehagelærarutdanninga

- Opptak til barnehagelærarutdanning krev 40 skulepoeng.
  - Personar over 23 år med realkompetanse som består av relevant fagbrev, 40 skulepoeng frå vg2 og minst 5 års relevant erfaring, skal kunne takast opp til barnehagelærarutdanninga.



- Barnehagelærarutdanninga skal kvalifisere til arbeid i barnehagen.
- Barnehagelærarutdanninga skal vere på bachelornivå.
- Det bør piloterast ei barnehagelærarutdanning på masternivå som på sikt skal erstatte barnehagelærarutdanning på bachelornivå.
- Det skal vere eit breitt mastertilbod på barnehagelærarutdanninga som kvalifiserer til og er relevant for arbeid i barnehagen.
- Det er eit mål at fleire barnehagelærarar skal ta mastergrad, og mastergrad skal vere eit krav for styrar og pedagogisk leiar.
- Barnehagelærarar med vidareutdanning eller masterkompetanse må kompensererast for auka kompetanse, slik som i skulesektoren.
- Pedagogikk skal vere eit eige, studiepoengfesta fag, samtidig som barnehagepedagogiske perspektiv skal varetakast i kunnskapsområda.
- Pedagogisk leiing skal vektleggjast gjennom heile utdanninga.
- Forsknings- og utviklingsarbeid i barnehagelærarutdanninga skal vere forankra i eit av kunnskapsområda eller ei av fordjupingane og vere knytt til praksisfeltet.

### 2.2. Grunnskulelærarutdanninga 1.–7. trinn

- Opptak til grunnskulelærarutdanning 1–7 krev 40 skulepoeng.
  - Personar over 23 år med realkompetanse som består av relevant fagbrev, 40 skulepoeng frå vg2 og minst 5 års relevant erfaring, skal kunne takast opp til grunnskulelærarutdanning 1–7.
- Grunnskulelærarutdanning 1–7 skal kvalifisere for arbeid i grunnskulen på 1.–7. trinn. Dette inkluderer vaksenopplæring på tilsvarende nivå.
- Grunnskulelærarutdanning 1–7 skal vere ein integrert master.
- Utdanninga skal vektleggje fagleg breidd som svarer til minimum fire fag, med høve til å ta emne på færre enn 30 studiepoeng eller tverrfaglege emne.
- Det skal vere mogleg å opparbeide seg fagleg djupn gjennom fordjuping i minst eit av dei fire faga.
- Begynnarpoplæring og tilpassa opplæring skal vektleggjast i løpet av utdanninga.
- Utdanninga skal gi kompetanse om leik, både som verdi i seg sjølv og som pedagogisk verktøy. Dei pedagogiske emna har særskilt ansvar.
- Utdanninga skal gi kompetanse i praktiske og estetiske læringsprosessar. Dette må inngå i dei didaktiske perspektiva som blir gitt gjennom utdanninga.
- Utdanninga skal leggje til rette for å tilby dei undervisningsfaga studentane ønsker, både når det gjeld masterfag og andre fag. I tillegg skal utdanningsinstitusjonane strekkje seg langt for å tilby fag der det er stor kompetansemangel, sjølv om det er få studentar som ønsker faget.



## Prinsipprogram 2021–2024

### 2.3. Grunnskulelærarutdanninga 5.–10. trinn

- Opptak til grunnskulelærarutdanning 5–10 krev 40 skulepoeng.
  - Personar over 23 år med realkompetanse som består av relevant fagbrev, 40 skulepoeng frå vg2 og minst 5 års relevant erfaring, skal kunne takast opp til grunnskulelærarutdanning 5–10.
- Grunnskulelærarutdanning 5–10 skal kvalifisere for arbeid i grunnskulen frå 5. til 10. trinn. Dette omfattar vaksenopplæring på tilsvarende nivå.
- Grunnskulelærarutdanning 5–10 skal vere ein integrert master.
- Utdanninga skal vektleggje fagleg djupn gjennom minst to undervisningsfag på minst 60 studiepoeng.
- Det skal vere mogleg å opparbeide seg fagleg breidd gjennom å velje maksimum to andre undervisningsfag på 30 studiepoeng.
- Det skal finnast breie moglegheiter til å få undervisningskompetanse i framandspråk, praktiske og estetiske fag og skulens valfag.
- Tilpassa opplæring skal vektleggjast i løpet av utdanninga.
- Utdanninga skal gi kompetanse om leik, både som verdi i seg sjølv og som pedagogisk verktøy. Dei pedagogiske emna har særskilt ansvar.
- Utdanninga skal gi kompetanse om praktiske og estetiske læringsprosessar. Dette må inngå i dei didaktiske perspektiva som blir gitt gjennom utdanninga.
- Utdanninga skal legge til rette for å tilby dei undervisningsfaga studentane ønskjer, både når det gjeld masterfag og andre fag. I tillegg skal utdanningsinstitusjonane strekkje seg langt for å tilby fag der det er stor kompetansemangel, sjølv om det er få studentar som ønskjer faget.

### 2.4 Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13

- Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 krev 40 skulepoeng.
  - Personar over 23 år med realkompetanse som består av relevant fagbrev, 40 skulepoeng frå vg2 og minst 5 års relevant erfaring, skal kunne takast opp til lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13.
- Søkjrarar må kunne vise til bakgrunnskunnskap i masterfaget gjennom opptaksprøvar.
- Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 skal kvalifisere for arbeid i kulturskule og undervisning frå trinn 5 til 13.
- Lærarutdanning i praktiske og estetiske fag for trinn 1–13 skal vere ei integrert lærarutdanning på masternivå.
- Utdanninga skal gi kompetanse om leik, både som verdi i seg sjølv og som pedagogisk verktøy. Dei pedagogiske emna har særskilt ansvar.



## Prinsipprogram 2021–2024

- Det skal vere minst 100 dagar praksis i skulen, jamt fordelt over mellomtrinn, ungdomstrinn og vidaregåande opplæring.
- Det skal vere minst 40 dagar praksis utanom grunnskule og vidaregåande opplæring.

### 2.5 Lektorutdanning 8.–13. trinn

- Opptak til lektorutdanning 8.–13. trinn krev 40 skulepoeng.
  - For lektorutdanning i realfag som krev spesiell studiekompetanse, skal det ikkje krevjast meir enn R1 og eitt realfag.
- Lektorutdanning 8–13 skal kvalifisere for arbeid på 8. til 13. trinn. Dette inkluderer vaksenopplæring på tilsvarende nivå.
- Lektorutdanning 8–13 skal vere ei integrert lærarutdanning på masternivå.
- Ut frå dei faga institusjonane tilbyr, skal det leggjast til rette for fritt val av fagkombinasjonar. Alle disiplinfag som blir tilbydde, skal òg ha tilhøyrande fagdidaktikk.
- Utdanningsinstitusjonane skal inkludere både yrkesfaglege og studiespesialiserande perspektiv i utdanninga.
- Dersom studentar ved lektorutdanning 8–13 skal skrive masteroppgåver i disiplinfag, skal desse vere profesjonsnære.
- Det skal vere mogleg å skrive masteroppgåve innanfor pedagogikk.
- Det skal vere mogleg å velje pedagogikk som eige studieprogram, der spesialpedagogikk òg skal inkluderast.
- Utdanninga skal organiserast slik at undervisning, eksamen, arbeidskrav og praksis ikkje går ut over kvarandre.
- Det skal finnast breie moglegheiter til å få undervisningskompetanse i skulens valfag og programfag.
- Profesjonsfaga må vere gjennomgåande praksisnære i lektorutdanning 8–13.
- Før første praksisperiode skal studentar ved lektorutdanning 8–13 ha begynt på dei obligatoriske emna i pedagogikk.

### 2.6. Yrkesfaglærarutdanning

- Ved opptak til yrkesfaglærarutdanning skal desse krava gjelde:
  - Søkjaren har fag-/sveinebrev eller anna fullført og bestått treårig yrkesopplæring på vidaregåande nivå innanfor det aktuelle yrkesområdet og minimum to års relevant yrkespraksis etter avslutta fagutdanning og generell studiekompetanse eller godkjend realkompetanse.
- Yrkesfaglærarutdanninga skal kvalifisere til å undervise i yrkesfaga frå 8. til 13. trinn.



## Prinsipprogram 2021–2024

- Yrkesfaglærarutdanninga skal vere ei bachelorutdanning.
- Det skal finnast eit breitt tilbod av yrkesfaglærarutdanningar.
- Tilpassa opplæring skal vektleggjast i løpet av utdanninga.
- Det skal vere eit breitt tilbod av masterprogram innanfor både yrkesfag og yrkesfagdidaktikk.
- Det skal vere høve til å skrive ei praktisk bacheloroppgåve.
- Praksisstudiet skal innehalde både yrkespraksis og praksis i skule.

### 2.7. Praktisk-pedagogisk utdanning for allmennfag (PPU-A)

- Ved opptak til PPU-A skal desse krava gjelde:
  - Søkjaren har ein mastergrad som inneheld minst eitt undervisningsfag på 60 studiepoeng.
  - Søkjaren har ein bachelorgrad i utøvande eller skapande kunstfag i finansieringskategori A eller B med minimum 180 studiepoeng i kunstfaget.
  - Studentar med bachelorgrad som gir undervisningsfag i skulen, kan takast opp til ei treårig masterutdanning der PPU-A er integrert.
- PPU-A skal minst svare til 90 studiepoeng.
- For treårig masterutdanning der PPU-A er integrert, skal det vere rom for å opparbeide seg eit ekstra undervisningsfag på 60 studiepoeng.
- Utdanninga skal kvalifisere til arbeid på 8. til 13. trinn.
- Det bør utviklast ei eiga praktisk-pedagogisk lærarutdanning eller eit tilsvarande løp som kvalifiserer til arbeid på 1. til 7. trinn.
- Utdanningsinstitusjonane skal inkludere både yrkesfaglege og studiespesialiserande perspektiv i utdanninga.

### 2.8 Praktisk-pedagogisk utdanning for yrkesfag (PPU-Y)

- Ved opptak til PPU-Y skal desse krava gjelde:
  - Søkjaren har fullført treårig relevant profesjonsretta bachelorgrad og minimum to års yrkespraksis.
  - Søkjaren har fag-/sveinebrev eller anna fullført treårig yrkesutdanning på vidaregåande nivå, generell studiekompetanse, to års relevant yrkesteoretisk utdanning utover vidaregåande opplæringsnivå og fire års yrkespraksis.
- PPU-Y kvalifiserer til arbeid på 8. til 13. trinn.
- Praksisorganiseringa skal sikre at studentane møter varierte praksisformer i løpet av studiet, retta mot både ungdomstrinnet og vidaregåande opplæring og inkludert lærebedrifter.
- Tilpassa opplæring skal vektleggjast i løpet av utdanninga.



## Prinsipprogram 2021–2024

- Praksisstudiet skal innehalde både yrkespraksis og praksis i skule.

### 2.9 Pedagogikk

- Utdanninga skal leggje til rette for at bacheloroppgåvene kan rettast inn mot barnehage, skule eller støttesystem.
- Studentane skal ha høve til å ha praksis i barnehage, skule og støttesystem.
- Studentane skal få informasjon om moglege yrkesvegar tidleg i utdanningsløpet.
- Det bør vere eit breitt tilbod av masterutdanninger retta mot barnehage, skule og støttesystem.

### 2.10 Spesialpedagogikk

- Utdanninga skal leggje vekt på å førebyggje, redusere og bøte på utfordringar og vanskar barn og unge står overfor.
- Praksis skal vere fordelt over alle studieåra i bachelorutdanninga.
- Studentane skal ha moglegheit for å ha praksis i barnehage, skule og støttesystem.
- Det bør vere eit breitt tilbod av masterutdanninger retta mot barnehage, skule og støttesystem.

## 3. Innhaldet i utdanningane våre

- Utdanningane skal halde eit høgt fagleg nivå. Ein skal derfor stille tydelege krav og ha høge forventingar til studentane og fagmiljøa ved utdanningsinstitusjonane.
- Alle lærarstudentar skal ha god kunnskap om praksisnær vitskapsteori og metode.
- Alle lærarutdanningane skal ha eit tverrfagleg fokus som er tilpassa aldersgruppa utdanningane er retta mot.
- Utdanningsinstitusjonane skal leggje til rette for tverrprofesjonelt samarbeid mellom lærarutdanningar og andre relevante aktørar i barnehage, skule og støttesystem.
- Studentane skal sikrast relevant handlingskompetanse i førstehjelp før første praksisperiode og kontinuerleg gjennom studiet.
- Alle lærarutdanningar skal fremje kompetanse i nynorsk.

### 3.1. Mangfold og inkludering

- Normkritiske perspektiv skal innarbeidast i alle lærarutdanningane våre.



## Prinsipprogram 2021–2024

- Utdanningane skal legge til rette for at studentane utviklar ein kritisk mangfaldskompetanse med perspektiv som medverkar til inkludering, likebehandling og antidiskriminerande arbeid.
- Lærarutdanningane skal gi studentane kunnskap om fysisk funksjonsnedsetjing, psykisk utviklingshemming og moglegheiter for tilrettelegging og tilpassingar.
- Lærarutdanningane våre skal gi studentane kunnskap om ulike typar lærevanskar og andre behov for tilpassingar.
- Lærarutdanningane våre skal gi studentane kompetanse til å møte barn og unge som er i vanskelege livssituasjonar, og gjere oss i stand til å setje i verk nødvendige tiltak etter gjeldande lovverk og etablere samarbeid med relevante faginstansar.
- Lærarutdanningane våre skal gi studentane kompetanse til å møte og leggje til rette for barn og elevar med fleirspråkleg eller minoritetsspråkleg bakgrunn og barn og elevar med fleirkulturell eller minoritetskulturell bakgrunn.
- Lærarutdanningane våre skal gi studentane kompetanse til å møte og leggje til rette for kjønnss- og seksualitetsmangfold blant barn og elevar i barnehage og skule.

### 3.2. Berekraft

- Berekraftig utvikling skal stå sentralt i lærarutdanningane våre.
- Gjennom lærarutdanningane våre skal studentane få kompetanse om berekraftsmåla.
- Institusjonane skal oppfordre til og leggje til rette for at studentar og tilsette vel klimavennleg transport når dei reiser på praksis og utveksling.
- Universitet og høgskular som tilbyr utdanningane våre, skal streve etter eit mindre klimaavtrykk ved innkjøp, reiser og drift. Målet skal vere klimanøytralitet.

### 3.3 Profesjonsfagleg digital kompetanse

- Lærarutdanningane våre skal sikre at vi tileigner oss profesjonsfagleg digital kompetanse som rustar oss til å utøve profesjonen vår i eit digitalt samfunn. Dette inneber
  - kunnskap om digitale læringsprosessar
  - kritisk brukarkompetanse
  - kunnskap om den digitale utviklinga og danninga til barn og elevar
  - ferdigheter i bruk av profesjonsretta digitale verktøy



### 4. Praksis

- Universitet og høgskular har, saman med skule- og/eller barnehageeigar, eit felles ansvar for den forskriftsfesta obligatoriske praksisen i lærarutdanningane.
- Studentar, utdanningsinstitusjon og praksisstad skal samarbeide om å knyte teori, praksis og yrkeskvardag saman, både før, under og etter kvar praksisperiode.
- Utdanningsinstitusjonane skal, saman med skule og barnehageeigar, legge til rette for ei løpende og heilskapleg vurdering av praksis, praksislærar og -rettleiar.
- Med unntak av skuleovertaking skal det i ein praksisperiode ikkje kunne krevjast at studenten underviser i andre fag enn dei ein opparbeider seg undervisningskompetanse i. Studentar som tek lærarutdanning retta mot barnehage eller skule, skal sikrast praksis knytt til alderstrinna og -gruppene dei skal arbeide med.
- Minst ti av praksisdagane i lærarutdanningane skal vere retta mot overgangar som er relevante for utdanninga.
- Med unntak av utvekslingspraksis skal all praksis i barnehage eller skule gå for seg i ein partnarskapsbarnehage eller -skule.
- Institusjonane skal tilby studentane praksis i nærleiken av studiestaden eller bustaden, med unntak av praksis i utlandet og distriktpaktspraksis.
- Det skal vere mogleg å søkje om å ta delar av praksisen i utlandet.
- Praksisplanar og vurderingskriterium skal utarbeidast i dialog mellom universitet eller høgskule, lærarutdannarar, studentar og praksislærarar.
- Lærarutdannarar frå utdanningsinstitusjonane skal i kvar praksisperiode besøkje praksisstaden for å observere og rettleie kvar enkelt student.
- Storleiken på ei praksisgruppe skal ikkje vere til hinder for læringsutbytet til studentane.
- Studentane bør gjennom lærarutdanningane ha praksis fordelt gjennom heile skule- eller barnehageåret, slik at dei får erfaringar med representative og relevante aktivitetar, oppstart og planlegging av året og dessutan vurdering og avslutning av året.
- Gjennom lærarutdanninga skal hovudvekta av praksis ikkje bestå av observasjon.

#### 4.1. Rettar i praksis

- Studentar skal ikkje bli økonomisk belasta ved reiser og andre aktivitetar knytte til praksis.



### Prinsipprogram 2021–2024

- Ved behov for mellombels bustad under praksis skal studiestaden medverke til tilrettelegging av dette gjennom partnarskapsavtalar med utleigarar.
- Studentane skal gjennom tydelege vurderingskriterium rettleiast og givast vurdering før, under og etter praksis.
- Studentane har rett til å evaluere praksisrettleiaren, praksislæraren og praksisstaden skriftleg. Det skal vere mogleg å gjere denne evalueringa anonymt.
- Studentane har rett til å søkje praksis andre stader enn ved praksisplassane til institusjonen.
- Dersom studentane sjølve vel å søkje om praksis andre stader enn ved praksisplassane til institusjonen, kan utdanningsinstitusjonen krevje at studentane dekkjer økonomiske utgifter knytte til bustad og reiser til og frå praksisplassen, med unntak av studentar som har særskilde behov for tilrettelegging ved praksis, utanlandspraksis og nettbaserte og samlingsbaserte lærarutdanningar.
- Ved fråvær har studenten rett til å ta igjen inntil 10 prosent av praksis.
- Studentar skal ikkje brukast som vikar eller assistent på praksistaden i løpet av praksis.
- Ein student skal ha rett til å bli behandla som ein kollega. Det inneber at studentane skal behandlast som likeverdige og med respekt på praksistaden.

#### 4.2. Omfang av praksis

- Praksis i lærarutdanningane skal omfatte minimum 140 dagar.
- Dei enkelte praksisperiodane skal vere av ei lengd som sikrar at studentane får gjennomført oppgåver knytte til yrkeskvardagen.
- Dei femårige lærarutdanningane skal ha praksis dei fire første åra i studiet, og dei treårige lærarutdanningane skal ha praksis alle tre åra.
- Praksis på eigen arbeidsstad skal unngåast med mindre det ikkje finst moglege alternativ.

## 5. Opptak og rekruttering

- Rekruttering til læraryrket må handle om
  - nasjonal rekrutteringsstrategi og opptakskrav
  - tett oppfølging av studentar gjennom studiet for å sikre at flest mogleg fullfører
  - ein god overgang til yrket som mellom anna sikrar rettleiing for alle nyutdanna og nytilsette
  - gode lønns- og arbeidsvilkår som sikrar at lærarar blir i barnehagen, skulen eller støttesystemet



- Stipendordningar kan brukast for å stimulere fleire til å søkje lærarutdanning.
- Det skal setjast i verk målretta rekruttering der ei lærarutdanning har moderat ubalanse mellom kjønn.
- Kjønnsspoeng kan brukast ved opptak til lærarutdanningane ved kritisk ubalanse mellom kjønn. Dette gjeld hovudsakleg menn og ikkje-binære kjønn for å skape mangfold i skulen og barnehagen.
- Yrket vi utdannar oss til, skal ha lønnsvilkår basert på utdanningsgrad som gjer det attraktivt.
- Det må vere samsvar mellom kompetansekrava for tilsetjing i barnehage og skule og kompetansen utdanningane våre gir.
- Yrket vi utdannar oss til, skal ha arbeidsvilkår som gjer det mogleg å utføre yrket på ein god måte.
- Utdanningsinstitusjonane skal leggje til rette for at studentar som har falle ut av normal studieprogresjon eller ikkje har fullført lærarutdanningar etter eldre rammeplanar, får ta faga dei manglar for å fullføre lærarutdanningane sine.
- Politiattest skal krevjast ved opptak til utdanningane våre og fornyast kvart tredje år.

## 6. Utdannarane våre

- Lærarutdannarar ved høgskular og universitet skal generelt ha relevant mastergrad eller høgare og høgskule- eller universitetspedagogikk.
- Det skal finnast utdanningstilbod og karrierevegar som kvalifiserer til å bli lærarutdannar.
- Lærarutdannarar i profesjonsretta fag skal ha tilknyting til same profesjon som dei utdannar studentar til, og dei skal ha minst tre års relevant arbeidserfaring.
- Forskningskrava til lærarutdannarane våre skal ikkje gå ut over undervisning og anna studentrelatert arbeid.
- Lærarutdannarar skal ha profesjonsfagleg digital kompetanse.
- Det skal vere mogleg å oppnå pedagogisk merittering.
- Lærarutdannarar skal haldast oppdaterte i feltet gjennom hospitering i barnehage eller skule minimum kvart tredje år.
- Det skal leggjast til rette for at lærarutdannarar skal kunne kombinere stillinga med ein forskarkarriere.
- Det skal arbeidast for at fleire lærarutdannarar skal kunne kombinere stillinga med arbeid i barnehage eller skule og lærarutdanning.
- Det skal satsast på bruk av offentleg sektor-ph.d. og nærings-ph.d. for barnehage og skule.
- Praksislærarar skal ha minimum tre års arbeidserfaring frå profesjonsfeltet og minimum 30 studiepoeng formell rettleatingskompetanse.



## Prinsipprogram 2021–2024

- Praksislærarar skal veljast i samarbeid mellom rektor eller styrar og utdanningsinstitusjonen.
- Praksislærarar skal ha moglegheit for å hospitere på utdanningsinstitusjonane.
- Praksislærarar og rettleiarar for lærarstudentar må gjennom ei skikkaheitsvurdering der dei blir vurderte som kompetente til å behandle og rettleie studentar som likeverdige på ein gjensidig respektfull måte.

## 7. Rettane våre som studentar

- Studiefinansieringa skal gjere det mogleg å vere heiltidsstudent, med moglegheit for differensiering ved særskilde behov.
- Utdanningsinstitusjonane skal sørge for universell utforming, slik at alle studentar er inkluderte og funksjonsvariasjonar ikkje fører til ekskludering.
- Ved bruk av obligatorisk studentdeltaking skal det vere mogleg å ha gyldig fråvær.
- Ved gyldig fråvær skal studentane få høve til å oppfylle nødvendige krav for å gå opp til eksamen.
- Studentane har rett til å vurdere alle delar av utdanninga.
- Studentane skal ha klagerett ved formelle feil og ved vurdering.
- Studentane skal ha rett til å få grunngiving ved alle eksamenar og arbeidskrav.
- Alle studentar skal ha rett til å fullføre utdanninga si på den studiestaden dei er tekne opp ved.

## 8. Profesjonsutvikling og overgang frå utdanning til profesjon

- Studentar skal få nødvendig kompetanse om arbeidstakarrettar og rettar ved jobbsøkingsprosessar.
- Lønn skal kunne brukast som rekrutteringstiltak ved nyttilsetjing.
- Lærarar skal reknast som nyutdanna i fire år etter avslutta utdanning.
- Nyutdanna lærarar i barnehage og skule skal ha minimum 20 prosent redusert leseplikt eller auka plantid.
- Arbeidsgivaren skal ha eit spesielt ansvar for å ta vare på nyutdanna lærarar og skal leggje til rette for at overgang frå utdanning til yrke blir god og trygg. Den nyutdanna skal mellom anna
  - få føreseielege arbeidsplanar
  - få høve til å undervise på det nivået og i dei faga vedkommande er kvalifisert til
  - få rom til å danne tett samarbeid med kollegaene og leiarane sine
  - få den rettleiinga vedkommande har krav på



## Prinsipprogram 2021–2024

- For å kunne kalle seg lærar skal ein ha formell lærarutdanning.
- Alle delar av profesjonen skal delta i forskings- og utviklingsprosjekt, og ny kunnskap skal tilbakeførast til praksisfeltet.

### 8.1. Rettleiing for nyutdanna lærarar

- Alle nyutdanna lærarar i barnehage og skule skal ha rett til å få og plikt til å ta imot systematisk rettleiing. Rettleiinga skal leggje grunnlag for seinare yrkesutøving og profesjonell utvikling.
- Rettleiingsordninga for nyutdanna og nytilsette lærarar i barnehage og skule skal vere ei forskriftsfesta og tariffesta ordning med fullfinansiering.
- Nasjonale prinsipp og forpliktingar for rettleiing av nyutdanna lærarar i barnehage og skule skal vidareutviklast til det beste for den nyutdanna.
- Nasjonale føringar skal sikre eit minimum av timar som er øyremerkte til rettleiing.
- Rettleiaren skal ha formell rettleiingskompetanse på minimum 30 studiepoeng, fagleg kompetanse og minst tre års erfaring som lærar.
- Rettleiaren skal ha avsett tid og lønnskompensasjon for arbeid med rettleiing av nyutdanna.
- Det skal setjast av tid til rettleiing for den nyutdanna. Delar av denne tida kan hentast frå redusert leseplikt eller auka plantid.
- Rettleiing skal skje jamleg, minimum to gonger per månad.
- Den nyutdanna skal ha ein kombinasjon av individuell rettleiing og grupperettleiing.
- Rettleiaren skal ikkje ha vurderingsansvar overfor den nyutdanna.
- Tematikken på rettleiinga skal bestemmost ut frå den nyutdanna sine behov, og den nyutdanna skal vere delaktig i tematiseringa.